



Byggesak

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41
Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø
E-post: postmottak@lindas.kommune.no
Heimeside: www.lindas.kommune.no
Kartside: www.nordhordlandskart.no
Org.nr: 935 084 733 Bank: 6501.06.91790

Arkitekt Rolv Eide AS

Pb. 325

5343 STRAUME

Dykkar ref. Sakshandsamar:
Benjamin Hicks

Vår ref. Telefon
2009/176 - 0 -
1128/2010

Arkivkode: Dato:
188/763 19.01.2010

Delegert sak

Igangsettingsløyve - røyr i grunn og betongarbeid - gbnr 188/763 - Gjervik Ytre, Knarvik senter

Vi viser til søknad om løyve til igangsetting, motteke 21.10.2009 og vedlagt:

- søknad om ansvarsrett
- kontrollerklæring for prosjektering

Saksutgreiing/Vurdering

Sakshandsaming.

Saka er sendt inn som søknad om igangsettingsløyve.

Gebyr.

Sakshandsamingsgebyr vert fastsett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ. Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

C3.3. Søknadspåltiktige tiltak (Pbl§93)	
Tilleggsgebyr. lite	2.400
SUM	2.400

Manglar.

Ansvarleg søkjar har ikkje signert søknad om ansvarsrett for NODE rådgivende ingeniører AS. Innsendt skriv om igangsetting av 19.10.2009 er signert av ansvarleg søkjar. Skrivet vert lagt til grunn for handsaming av søknaden om ansvarsrett.

Vedtak:

Søknaden om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova § 93, vert godkjent i samsvar med planar og utgreiingar elles. I samsvar med Plan- og bygningslova § 93 jfr. § 95, vert det ikkje tillate å setja i gang anna arbeid før igangsetjingsløyve for vidare arbeid er gjeve.

Arbeida må vera sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år (jf. Pbl. § 96).



Godkjenningar i samsvar med Pbl §§ 93 b, 98 og 98a.

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

Rolle	Arbeidsområde	Godkjent føretak
<i>PRO/KPR</i>	<i>Etterspent dekker for parkerings- /butikksetasjene</i>	<i>Node rådgivende ingeniører AS</i>
<i>KUT</i>	<i>Spennarmering</i>	<i>Node rådgivende ingeniører AS</i>

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentlig forvaltning.

Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Benjamin Hicks
rådgjevar

Kopi til:

Knarvik Senterutvikling AS Knarvik senter 5914 ISDALSTØ